

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

MØTEBOK

BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og Iren Torget.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Mandag 09.04.2018.kl 19.00

Sak 03-01-18: Innkallinga vart godkjent

Sak 03-02-18: Godkjenning av møtebok 27.02.2018

Sak 03-03-18: Referatsaker

- Møtebok 3 frå AU 26.03.2018
- Møtebok 2 frå Bremnes Sokneråd 27.02.2018

Sak 03-04-18: Orienteringssaker

Det er ynskje om at folk set seg lengre framme i kyrkja under Gudstenester der det er lite folk. Soknerådet vart einige om å sjå etter gode løysingar.

Det blir tur til London den 19-22 juni for 17 og 18 åringer. Det er påmeldt 25-26stk med 5-6 lederar.

Det er innvilga kr.24000,- fra OVF-til Venskapskyrkja Emanuel Cochabamba i Bolivia.

Sak 03-05-18: Frivillige medhjelparar til diakoniarbeidet

- Diakoniarbeidet ynskjer gjerne nokon fleire frivillige medhjelparar til å levera blomehelsingar i dei ulike krinsane. Soknerådet har fordelt ansvaret med å finna aktuelle medhjelparar.

Sak 03-06-18: Avslutting for Kantor Jostein Molde

- Kantor i Bremnes og Lyklig kyrkje, Jostein Molde, går av med pensjon den 1. Oktober. Soknerådet ynskjer å markera dette og takka Jostein for hans innsats. Det blir oppretta ein komite og Berit Hallaråker blir med frå Soknerådet.

Sak 03-7-18: Tidspunkt og komite for kyrkjelydsdagen 2018

- I soknerådmøtet i november 2017 vart me samde om å arrangera kyrkjelydsdag også i 2018. Soknerådet lyt setja eit tidspunkt og velgja ein komite til å planleggja denne dagen. Lene Nesse blir med i komiteen frå Soknerådet og kyrkjelydspedagogane samt diakonitenesta blir utfordra til å delta.

Sak 03-8-18: 150-års jubileum i 2019

- Redaksjonskomiteen for jubileumsboka er godt i gang med arbeidet. Eit forslag er å ha ei jubileumsveke i september 2019 med ulike arrangement. Soknerådet blir hovudkomite. Forsalg til innhald kan vera musikkinnslag for ulike aldersgrupper, foredrag, temakveld,

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

historiekveld eller liknade. Ein ynskjer innhald til ei variert markering av kyrkja. Jubileummsveka blir avslutta med ei festgudstjeneste.

Sak 03-9-18: Klargjering og utdeling av konfirmantkapper

- Ein treng nokre personar til å sjå over og gjera klar konfirmantkappene, samt å dela dei ut til konfirmantane. Solveig Habbestad, Marie Habbestad og Anne Lie Steinsbø ser over at kappane er i stand, mandag eller tirsdagen før kappeprøvinga onsdag 2.mai kl.17-18. Det blir kappeprøving for Rubbestadneset tirsdag 8.Mai kl.16. Berit Hallaråker deler ut dei.

Sak 03-10-18: Høyring om justering av hovudgudstenesta

- Høyringsvaret som vart skreve av komiteen som arbeidte med høyringsspørsmåla vart lest opp og soknerådet var enige med svara.

Berit Hallaråker
leiar

Marie Habbestad
Kasserar